

Ungdomsskule årets beste nybygg



Gjerdrum ungdomsskule fekk prisen framfor sju andre nominerte bygg.

Foto: Husbanken

Gjerdrum ungdomsskule har fått Statens byggeskikkpris 2010. – Moderne og framtidsretta, meiner Liv Signe Navarsete.

MALIN OLIVIA DAHLBERG

malin.olivia.dahlberg@nrk.no

Publisert 18.06.2010 16:06.

Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete delte i dag ut Statens byggeskikkpris.

– Gjerdrum ungdomsskule er både moderne, framtidsretta og universelt utforma. Eg voner bygget blir ein god møtestad for både elevar, lærarar og heile bygda i mange år framover. Her har arkitektar og byggherre gjort eit imponerande jobb, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete i ei pressemelding.

Prisen vert delt mellom Kristin Jarmund Arkitekter AS, landskapsarkitekten Østengen og Bergo AS, og byggherren Gjerdrum kommune.

Statens byggeskikkpris er på 200.000 kroner, og er ein av dei gjæveste prisane innan norsk arkitektur- og byggebransje.

- Lærernes Hus, Oslo
- Lysaker park, Oslo
- Marilunden, Stavanger
- Egenes park, Stavanger
- Gjerdrum ungdomsskule, Gjerdrum
- Stokkøya sjøenter, Hosnasand i Trøndelag
- Servicebygg Storøyodden, Fornebu



Uteområdet ved Gjerdrum ungdomsskule er utforma av landskapsarkitekt Østengen og Bergo AS.

Foto: Husbanken

– Utfordrande formspråk

Byggjeprojektet får mellom anna skryt for at universell utforming og andre brukarbehov er godt ivaretekne. Bygget får ros for å ha eit moderne og utfordrande formspråk, og ei nyskapande tolking av skulen som læringsarena og møtestad.

– Eg oppmodar byggje- og anleggsnæringa til å satsa på berekraftige og samfunngagnlege kvalitetar. Statens byggeskikkpris skal inspirere til å oppfylle viktige krav til universell utforming, energi og miljø, seier Navarsete.

(Artikkelen held fram under biletet.)



Interiør i Gjerdrum ungdomsskule.

Foto: Husbanken

Det kom inn 52 forslag til kandidatar for Statens byggeskikkpris 2010, og av dei vart sju bygg nominerte. Lysaker park og Lærernes Hus fekk heidrande omtale av juryen. Alle dei sju nominerte bygga vil ein fram til 6.august kunne sjå i ei utstilling i foajeen i regjeringskvartalet.

SJÅ ALLE DEI NOMINERTE HER: Statens byggeskikkpris 2010

LES ÒG: Stokkøya kan få byggeskikkpris

For å få prisen må eit bygg oppfylle strenge krav til miljø og universell utforming. Det er eit mål at bygga gjennom utføring, materialbruk og samspel med stad og miljø skal bidra til å heve, fornye og utvikle den allmenne byggeskikken.

Tidlegare har Preikestolen fjellstove (2009) og Den Norske Opera & Ballett (2008) fått prisen.